



Kjell Yri og Magne Huglen

Klokka 12-30 i dag vart valresultatet lagt ut og 6 frå Uskedalen er 'valt. Dei fleste tippa at vår bygd i den neste perioden skulle få inn 5 mot 4 no, men då rekna dei ikkje med at Arbeidarpartiet skulle få inn 2. Dei er Magne Huglen og Jostein Grov. Dei andre er Gunn Mari Moberg frå Høgre, Elin Legland frå Senterpartiet, Eskil Moen frå Framstegspartiet og Kjell Yri frå Venstre.



Jostein Grov

Det var uvissheit rundt Yri ettersom han ved ein tastefeil ikkje vart sikra røystetillegg, men det viste seg at han fekk flest røyster likevel. Han var den i Venstre som både fekk flest personlege røyster og flest slengarar - 124 og 128.

Grov og Huglen kom inn som nummer 5 og 6 på Ap-lista. Grov haddre 87 personlege røyster og Huglen 72 medan dei hadde 26 og 30 slengarar.



Elin Legland



Eskil Moen

Gunn Mari Moberg i Høyre hadde 305 personlege røyster og 76 slengarar, men ordførarkandidat Leif Sverre Enes var heilt oppe i 706 og 130 på dei 2 postane.



Gunn Mari Moberg